

# Kulturminneplan 2018-2022



Horja gruve, Mølland

## Innhold

- 1 Formelt grunnlag**
- 2 Planprosessen**
- 3 Tema**
  - 3.1 Gruvedrift
  - 3.2 Skulebygg
  - 3.3 Krigsminne
  - 3.4 Spor av fortid
  - 3.5 Spor i vassdrag
- 4 Handlingsplan**

### Vedlegg:

1. Oversikt over gruver og særtrekk
2. Forstudie prosjekt kulturvandring



Skulehuset på Frøyså. Ukjent fotograf.

## 1 Formelt grunnlag

Kommunestyret vedtok 16.02.2017 program for arbeid med ein kulturminneplan for Iveland kommune.

Det formelle grunnlaget er Kulturminnelova § 1, formålsparagrafen der det heiter at:

Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning.

Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.

Det nasjonale ansvaret kjem i denne sammenhengen til uttrykk ved at Riksantikvaren har gitt tilskot til kvar kommune som utarbeider kulturminneplan. Iveland kommune har fått utbetalt sitt tilskot på kr. 100 000,-.

Plan prosessen er elles forankra i Plan- og bygningslova som ein Kommune temaplan etter § 11-1, der det heiter:

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig.

## 2 Planprosessen

Etter at kommunestyret 17.03.2016 vedtok å starte arbeidet med Kulturminneplanen, blei det halde oppstartsmøte for planarbeidet 16.11.2016. Det blei etablert ei prosjektgruppe. Prosjektansvarlig har vore enhetsleder Egil Mølland og prosjektleder Knut Gunnar Solberg. I tillegg i prosjektgruppa har vore kulturleder Finn Terje Uberg. Pedagogisk rådgjevar; Bente Voreland har og deltatt.

Kommunestyret vedtok planprogrammet 16.02.2017, og det blei sendt på ein høyringsrunde der det ikkje kom innspel.

Prosjektgruppa møttes 18.04.2017 og drøfta vidare framdrift av planarbeidet.

Det blei sendt brev til ei gruppe av ressurspersonar; i planprogrammet kalt Referansegruppa, 02.05.2017. Det kom ingen konkrete innspel som følgje av dette.

Tjenesteutvalget vedtok å legge forslag til kulturminneplan ut til høring og offentlig ettersyn 14.03-2018. Høyringsrunden varte til 30.05.2018. Det kom tre innspel i denne høyringsrunden.

Det blei halde møte i prosjektgruppa 27.08.2018. Som følgje av dette blei det gjort noen endringar i forslag til handlingsplan; ein foreslår nå 2-årige prosjekt, då ein meiner dette gir rom for å kunne legge til rette for samanhengande kulturvandringar. Det er utarbeidd ein forstudie for slike prosjekt som vedlegg til planen. Det blei og tatt steg for å sikre at tema gruvedrift og besøk til Eieland skule kjem inn i planane til skule og barnehagar i Iveland.

I det vidare arbeidet med utforming av endelig plandokument har ein konsentrert seg om å få fram ei utvida liste på gruver. Der ein søker å få kartfest lokalitetane og knytte kjente lokale gruveamn til lokalitet. Dette med sikte på registrering i Askeladden. I dette arbeidet har prosjektleder hatt umistelig hjelp av kommunen sin eigen fagkunnig på geologi; Kjell Gunnufsen, Ronald Werner, som er knytt til Setesdalsmuseet som geologisk fagkunnig, og ein av dei siste attlevande som har arbeidd i gruvane i Iveland; Arild Omestad.

Ein tar sikte på hovedrullering av kulturminneplanen kvart fjerde år. Handlingsplanen blir rullert kvart år i samband med handsaming budsjett og økonomiplan.

### 3 Tema

Registrerte objekt i dei enkelte tema er presentert i tabellform. Utfyllande forklaring til kolonnene i tabellane:

- Namn:** Stadnamn på lokalitet, for temaet gruvedrift ofte med tillegg av gardsnamnet der lokaliteten høyrer til. Nummer etter gardsnamn viser til gruveregistering utført av Ronald Werner ved Setesdal museet.
- Type:** Type objekt. For temaet gruvedrift er kolonnen sløyfa, alle objekt er gruver. Gruver som terrenginngrep kan ein karakterisere som enten eit dagbrot eller ei sjakt. Var sjakta horisontal blei det kalla ein tunnel, var den vertikal blei det kalla ein synk. I mange tilfelle seier gruve namnet noko om kva type terrenginngrep det var.
- Tilstand:** Vurdering av tilstand.
- Eigarform:** Det er skild mellom eigarformene; privat -, offentlig -, eller felles eige. For tema gruvedrift er kolonnen ikkje med, alle gruver er i privat eige.
- Registrert:** Status for registrering i Askeladden; Riksantikvarens register og kartløyving for kulturminne.
- Lokalisert:** Status for lokalisering, i terrenget eller kartfesta.
- Tilgjengelig:** Korleis ein kan kome til staden, sti kan i mange tilfelle vera traktorveg.

### 3.1 Gruvedrift

Gruvenamn	Tilstand	Lokalisert	Tilgjengelig
Lonegruva, Rossås 1	Nedlagt	Ja	Bilveg
Feitedalen, Rossås 6-11	Nedlagt	Ja	Sti
Gilderdalen, Frøyså 1	Nedlagt	Ja	Sti
Åsane, Frøyså 14-15	Nedlagt	Ja	Sti
Eliasgruva, Tveit 1	Nedlagt	Ja	Sti
Steli, Tveit 3	Tilrettelagt	Ja	Bilveg
Synken, Hilltveit 1	Nedlagt	Ja	Bilveg
Tunnelen, Hiltveit 6	Nedlagt	Ja	Bilveg
Æretveitgruva	Nedlagt	Ja	Bilveg
Nateland 1	Nedlagt	Ja	Terreng
Skavdalen, Thortveit 3	Nedlagt	Ja	Sti
Synken, Landås 6	Nedlagt	Ja	Terreng
Tunnelen, Landås 7	Nedlagt	Ja	Terreng
Beinmyr, Landås 8	Nedlagt	Ja	Bilveg
Beryllgruva, Støledalen	Nedlagt	Ja	Terreng
Rostadheia, Mølland	Nedlagt	Ja	Sti
Horja, Mølland 3	Nedlagt	Ja	Bilveg
Varmedokka, Mølland 4	Nedlagt	Ja	Sti
Nikkelgruva, Mølland	Nedlagt	Ja	Bilveg
Tannspattgruva, Mølland	Nedlagt	Ja	Bilveg
Solås, Solås 1	Tilrettelagt	Ja	Bilveg
Mannekleiv, Håverstad 1	Nedlagt	Ja	Bilveg
Heia, Håverstad 3	Nedlagt	Ja	Bilveg
Kjørka, Frigstad 2	Nedlagt	Ja	Bilveg
Tuftane, Frigstad 3	Nedlagt	Ja	Bilveg
Dauren, Frikstad 4	Nedlagt	Ja	Sti
Slobrekka, Frikstad 7	Drift	Ja	Bilveg
Småliane, Frikstad 11	Nedlagt	Ja	Terreng
Høylandsgruva, Frigstad 12	Nedlagt	Ja	Sti
Amerika, Kåbuland 1	Nedlagt	Ja	Bilveg
Tunnelen, Birkeland 2	Nedlagt	Ja	Sti
Knut Natelands gruva, Birkeland 4	Nedlagt	Ja	Sti
Eftevann 2	Nedlagt	Ja	Sti
Hovåsen, Eftevand 4	Nedlagt	Ja	Sti
Håland gruve, Ljosland 3	Nedlagt	Ja	Bilveg
Thortveitittgruva, Ljosland 4	Tilrettelagt	Ja	Bilveg
Storesynken, Ljosland 6	Tilrettelagt	Ja	Bilveg
Kongsberggruva, Ljosland	Tilrettelagt	Ja	Bilveg

Gruvene er dokumentert i bygdesoga Iveland V Guvedrift. Gruvene er i stor mon kartfesta, men ikkje registert i Askeladden. Det er gjort fleire

registreringar av gruver. Til støtte for utvalg av gruver i planen er brukt ei registrering av Ronald Werner ved Setesdalsmuseet. Han har som grunnlag literaturstudiar og studiar av høgdekart og gamle flyfoto. Moa har han gått gjennom registreringane til Andreas Corneliussen. Dette har resultert i lokalisering av over 500 ulike større og mindre brot i Iveland, Evje og Vegusdal. Det har vore ei utfordring å plassere dei lokale gruve namna nemnt i bygdesoga på dei enkelte lokalitetane. Til hjelp med dette og med å plukke ut dei største og mest mineralrike gruvene har Kjell Gunnufsen og Arild Omestad vore til umistelig hjelp. Registrering av gruvene som kulturminne i Askeladden er utført for dette utvalget. Når gruva er registert vil opplysningane bli tilgjengelig gjennom <https://kulturminnesok.no/>

Noen av gruvene er tilrettelagt for mineralleiting av grunneigar. Ein del av gruvene er også omtala i <https://www.setesdalswiki.no/wiki/>

Barnehagane i kommunen har ei kasse med mineraler som har vore i bruk, og vil sørge for å få gruvedrift inn i årsplanane.



Frå Aretveitsgruva, foto Geir Nateland.

## 3.2 Skulebygg

Namn	Type	Tilstand	Eigarform	Registrert	Lokalisert	Tilgjengelig
Eieland	Grendeskule	Tilrettelagt	Felles	Nei	Ja, i kart	Bil
Frøyså	Grendeskule	Riven	Privat	Nei	Ja, terreng	Bil
Frikstadtjønn	Tomt	Bebygd	Privat	Nei	Ja, terreng	Bil
Frikstad	Grendeskule	Bruksendring	Privat	Nei	Ja, i kart	Bil
Grosås	Grendeskule	Bruksendring	Privat	Nei	Ja, i kart	Bil
Ljosland	Grendeskule	Bruksendring	Privat	Nei	Ja, i kart	Bil
Mykland	Grendeskule	Riven	Privat	Nei	Ja, terreng	Bil
Nateland	Grendeskule	Riven	Privat	Nei	Ja, terreng	Bil
Vatnestrøm	Grendeskule	Bruksendring	Privat	Nei	Ja, i kart	Bil

Grendeskulane er dokumenterte i Bygdesoga Iveland III, av Aslak Fjermedal. Eieland skule er tilrettelagt og tatt vare på i samarbeid mellom Iveland kommune og grunneigar.

Skolane i Iveland har ein plan for besøk til Eieland skule og bygdemuseet på Fjermedal. Denne skal tas opp på nytt og ein vil sørge for at den blir følgd.




18. august 1908 var det basar på Eieland skule. Fotograf Hangaard var der.



### 3.3 Krigsminne

Namn	Type	Tilstand	Eigarform	Registrert	Lokalisert	Tilgjengelig	Tidsrom
Humpenhøg	Dekningsplass	Natur	Privat	Nei	Ja, terreng	Sti	1944 - 1945
Ljosland	Fallskjermlanding	Natur	Privat	Nei	Ja, terreng	Terreng	1944
Leesland	Dekningsplass	Natur	Privat	Nei	Ja, terreng	Terreng	1944
Solberg	Dekningsplass	I bruk	Privat	Nei	Ja, kartfest	Bil	1945
Støledalen	Fystyrt	Natur	Privat	Nei	Nei	Terreng	1945
Varmedokka	Dekningsplass	Natur	Privat	Nei	Ja, kartfest	Sti	1943

Krigsminna er i stor mon imaterielle, det er få fysiske spor att av krigshendingane. Ein ser for seg at lokalitetane kan kartfestast og skiltast i terrenget. Dei nemnde lokalitetane med tilknytta krigshendingar er omtala i Bygdesoga band IV Okkupasjon 1940-1945.




Tysk kampfly Junkers JU 88, *schnellbomber*; raskt bombefly, tilsvarande flyet som styrta nord for Støledalen i slutten av april 1945 etter luftstrid med eit engelsk Lancaster bombefly. Junkeren kom i brann og mannskapet på tre omkom. Foto Wikipedia.



Avro Lancaster, britisk tungt bombefly. Kan hende var det haleskyttaren som fekk inn ein fulltreffer på Junkeren som styrta mellom Omdal og Støledalen. Lancasteren blei og skadd, dropa bombelasta og greidde etter kvart å lande på ein militær flyplass i Jønkøping. Bombene som fall på heia vest for Ranestad same natt stamma kanskje frå det britiske flyet. Foto:

Wikipedia.



Kart over dei mest dramatiske krigshendingane i Iveland på slutten av andre verdskrigen.

### 3.4 Spor av fortid

Namn	Type	Tilstand	Eigarform	Registrert	Lokalisert	Tilgjengelig
Birketveit	Bygdeborg	Tilrettelagt	Privat	Ja	Ja, i kart	Sti
Byvegen	Vegfar	Natur	Privat	Ja	Ja, i kart	Sti
Fjermedal	Bygdeborg	Natur	Privat	Ja	Ja, i kart	Sti
Kongevegen	Vegfar	Natur	Privat	Ja, deler	Ja, i kart	Sti
Mølland	Bygdeborg	Natur	Privat	Ja	Ja, i kart	Terreng
Prestevegen	Vegfar	Natur	Privat	Nei	Ja, i terreng	Terreng

Dei fleste spora er registrerte og kartfesta. Seinast i 2016, den gamle ridevegen frå Evje, gjennom vestre del av Iveland til Vennesla, som Håkon Honnemyr har registrert. Rydding og tilrettelegging i samarbeid med grunneigar kan vera aktuelle tiltak.



Ridevegen skulle vera så brei at spydet ikkje tok bort i greiner på sidene. Foto Norsk Vegmuseum.

### 3.5 Spor i vassdrag

Namn	Type	Tilstand	Eigarform	Registrert	Lokalisert	Tilgjengelig
Kringsjø	Kraftverk nedlagt	Tilrettelagt	Offentlig	Ja, dam	Ja, kartfesta	Bil, bomveg
Nomeland	Kraftstasjon	I bruk	Felles	Ja	Ja, kartfesta	Bil
Stemtjønn	Dam	God	Privat	Ja	Ja, kartfesta	Bil, bomveg
Vatnestrøm	Dam	I bruk	Privat	Ja	Ja, kartfesta	Bil
Tveit	Kanal	Noe ødelagt	Privat	Ja	Ja, kartfesta	Bil, gs-veg
Møllebakken	Dam	Ganske god	Privat	Ja	Ja, kartfesta	Bil
Jokeli	Spikerverk	Usikker	Privat	Ja	Ja, kartfesta	Bil

Spor etter Kringsjø kraftstasjon er tatt vare på og tilrettelagt i offentlig regi. Desse spora er elles i stor mon registrert og kartfesta gjennom eit prosjekt initiert av Aust-Agder fylkeskommune, og utført av lokale krefter. Lista er langt frå komplett. Tilrettelegging og vedlikehald i samarbeid med grunneigar kan vera aktuelt.



Kringsjø kraftstasjon 1914. Ukjent fotograf.

## 4 Handlingsplan

Følgjande prosjekt er prioritert for tiltak i planperioden 2019-2024  
Handlingsprogrammet blir rullert kvart år i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.

År	Prosjekt	Tiltak	Kostnad
2019-20	Kulturvandring Aust-bygda	Avtale med grunneiere, skilting av kulturminne og merking av sti, turkart	20 000,-
2021-22	Kulturvandring Ytre-bygda	Avtale med grunneiere, skilting av kulturminne og merking av sti, turkart	20 000,-
2023-24	Kulturvandring Øvre-bygda	Avtale med grunneiere, skilting av kulturminne og merking av sti, turkart	20 000,-

Ved seinare rullering av heile planen ser ein for seg at tema 3.4 Spor av fortid og 3.5 Spor i vassdrag går ut og blir erstatta av nye tema. Desse to tema er godt dokumenterte i Askeladden.

## Vedlegg:

### 1. Oversikt over utvalgte gruver og særmerke.

Gardsnamn	Gruvenamn	Mineraler og andre særmerke	Driftsperiode
Rossås:	Lonegruva, Rossås 1	fergusonitt, zirkon, euxenitt, keiviitt, monazitt, xenotim, magnetitt	*)
	Synken,		
Ivedal:	Feitedalen, Hilltveit 2	Beryll, ilmenitt, gadolinitt, allanitt	
Frøyså:	Gilderdalen, Frøyså 1	Beryll, monazitt, xenotim, titanitt, euxenitt, zirkon, thortveititt	
	Åsane	Store krystaller av gadolinitt	
Tveit:	Steli, Tveit 3	Mikroklinkrystaller på over 100 tonn, vismut, fenakitt og typelokalitet for bertranditt,	
	Eliasgruva, Tveit 1	Fergusonitt, uraninitt, monazitt, rutil	
Hiltveit:	Synken, Hilltveit 1	Titanitt, spessartin, ilmenitt, fergusonitt, apatitt og store mengder skriftgranitt	
	Tunnelen	Kalsitt, allanit, gadolinitt, thortveititt, fergusonitt og meterstore flak av biotitt	
Æretveit:	Æretveitgruva	Xenotim, thortveititt, allanitt, apatitt, rutil, uraninitt. Tatt ut over 30.000 tonn feltspat	
Birketveit:	Nateland 1	Thoritt, thorogummitt, kjent for mineralet krysoberyll i fin krystallisering	
Tortveit:	Skavdalen, Thortveit 3	Euxenitt, monazitt, spessartin, pyritt, samarskitt	
Landås:	Beinmyr	Beryllkrystall på flere tonn, samarskitt, xenotim	
	Tunnelen, Landås 5/13	Granat, beryll, monazitt, 25 meter lang tunnel	
	Synken	Granat, beryll, monazitt, 10x10 meter stort hull med dybde 4 meter. Vannfylt med levende fisk...	
Støledalen:	Beryllguva	Akvamarinberyll i fasettkvalitet , rutil, gadolinitt og bertranditt	
Mølland:	Rostadheia	Allanitt, fergusonitt, euxenitt, molybden, rhabdofan, tatt ut 5000tonn feltspat	
	Horja, Mølland 3	Beryllkrystaller med diameter på 25 cm, samarskitt, monazitt	
	Varmedokka, Mølland 4	Store mikroklinkrystaller, 250 tonn feltspat er tatt ut, euxenitt, monazitt	
	Nikkelgruva	Gruvegang som går under Kjetevatn. Drift på nikkel under 1. verdenskrigen av kanadisk selskap	
	Tannspattgruva	Spesielt gode grupper med aeschynitt og granat	
	Solås, Solås 1	100 meter lang mineralrik pegmatitt, cleavelanditt, beryll, granat, columbitt, tantallitt, mikrolitt, gahnitt, topas, nydelig	

		skriftgranitt til fremstilling av polerte steinskiver	
Håverstad:	Mannekleiv, Håverstad 1	Nydelige krystaller av thortveititt, ilmenorutil, apatitt, diverse radioaktive mineraler	
	Heia, Håverstad 3	Monazitt, xenotim	
Frikstad:	Kjørka, Frikstad 2	Mineralrik cleavelandittsone, beryll, elbaitt, gahnitt, zinnwalditt, klinozoisitt, montmorillonitt, lepidolitt, bavenitt, milaritt, bityitt	
	Djypekjerr		
	Småliane, Frigstad 11	Allanitt, monazitt, zoisitt, store flak med biotitt	
	Tuftane, Frikstad 3	Aeschynitt, molybden, gadolinitt, typelokalitet for daviditt-(Ce), rik på thortveititt	
	Slobrekka	grandolinitt	
	Dauren	Gadolinitt, allanitt, akvamarinberyll	
	Høylandsgruva, Frigstad 12	Beryll, bavenitt, zirkon, euxenitt og nydelige krystallgrupper av muskovitt	
	Kjørka	Lang pegmatittgang med granat, beryll, fergusonitt, allanitt, zirkon	
Kåbuland:	Tunnelen		
	Amerika, Kåbuland 1	Sideritt, thortveititt, ilmenitt, gadolinitt, pyritt, magnetitt, aeschynitt	
Birkeland:	Birkeland 2 Tunnelen	Amasonitt, thoritt, ilmenitt, kolumbitt, vismut, granat	
	Knut Natelands gruva	røykkvarts	
Eftevand:	Hovåsen	Uraninitt, bismuthitt, kolumbitt, granat, kjempekrystaller av beryll	
	Eftevann 2	feltspatkrystall	
Ljosland:	Storesynken, Knipane	En av de mest kjente pegmatittene i kommunen, thortveititt, monasitt, apatitt, xenotim, rutil, titanitt, pyritt. Drift på mineraler i senere tid	
	Kongsberggruva, Ljosland 16	Rik på store beryllkrystaller,	
	Thortveitittgruva, Ljosland 4	funnstad for prøven som bestemte mineralet thortveititt	
	Håland gruve, Ljosland 3	Meget rik på beryll, columbitt, samarskitt og andre radioaktive mineraler	

\*) Gruvedriften i Iveland varte fra starten av 1900-tallet til 1970-årene. Flere av gruvene ble drevet periodevis alt etter avtale og etterspørsel.

Fremdeles blir det i enkelte gruver tatt ut feltspat på grunnlag av bestilling.

Noen av gruvefyllingene er viktige kulturminner og blir utnyttet i forbindelse med mineralstudie og turisme.

## 2. Forstudie av prosjekt for kulturvandring

Kulturvandringar, døme:

Eieland/Fjermedal/Møkjåland

1. Parkering Ranestadveien ved Eieland skule, gravfelt Eieland
2. Skogsbilveg/traktorveg/sti Langedalen
3. Skinnarkarten, synlig del av Kongevegen, yngre jernalder
4. Engestøl sag, kulturminne i vassdrag
5. Hellaraude, endestav Eieland/Ranestad/Engestøl/Fjermedal
6. Frå Stakksneisvollmyr sti/privat veg til Fjermedal bygdemuseum
7. Fjermedalsveien til Fjermedal fornminnefelt
8. Fjermedalsveien/skogsbilveg/traktorveg til Borgåsen, bygdeborg
9. Langs Måvatn vidare sti/traktorveg til Møkjåland
10. Møkjålandsveien tilbake til Eieland skule

Skaiå/Mykland

1. Parkering ved Skaiå barnehage
  2. Hampebakken gravfelt, Skaiå
  3. Ridevegen til Skaiåheia
  4. Tingplassen, rund steinsetting, tradisjonslokalitet
  5. Ridevegen vidare til Halfar, vidare til Ivelandsveien
  6. Ivelandsveien til Mykland
  7. Pengehaugen, gravfelt, Mykland, og/eller
  8. Ivelandsveien nordover til Stetjønn
  9. Traktorveg/sti vestover mot Myklandsken, Nomelandsdammen
  10. Hompenhøg, dekningsplass heimefronten 2. verdskrigen
  11. Tibake Ivelandsveien til P-plass Skaiå barnehage
- Heile eller deler av runden

Tortveit/Mølland/Åmdal/Skripeland

1. Parkering Nosledalsveien ved Æretveitsgruva
2. Privat veg mot Tortveit vidare traktorveg/sti til Skavdalen gruve
3. Traktorveg vidare til Varmedokka gruve og krigsminne
4. Traktorveg vidare mot Mølland gravfelt
5. Støledalsveien frå Mølland, alternativ parkering
6. Horja, bygdeborg og gruve, kulturminne i vassdrag, fleire
7. Traktorveg til Rostadheia gruveområde
8. Sti til Åmdal, krigsminne flystyrt
9. Skogsbilveg frå Åmdal til Beinmyr, beryllgruve
10. Den gamle byvegen, sti til Skripeland, Grua gravfelt
11. Privat veg/Nosledalsveien tilbake til Æretveitsgruva

Heile eller deler av runden



Kostnader:

Skilt ferdig oppsatt, 4 stk a 1000	4000,-
Rydding/merking av sti, 4 km a 2000	8000,-
Avtale med grunneier, 3 stk a 2 t a 500,- <sup>1)</sup>	3000,-
Turkart	5000,-
Sum	20000,-

1) Regner bare arbeidstid for saksbehandler, ikkje ev. ulempeserstatning.

Finansiering:

Norsk kulturarv: rydd et kulturminne: Skoler, barnehager og idrettslag kan søke

Norsk kulturminnefond: kulturminnetiltak, private eiere og forvaltere kan søke

Kulturrådet: norsk kulturfond – museum og kulturvern – prosjektstøtte